
Vår referanse 2020/76340-2
Dato 17.12.2020

HAUGALAND VEKST IKS
Øvregata 126
5527 HAUGESUND

Att. K. Tormod Karlsen

Svar - Søknad om driftstilskot for 2021-2024 frå Haugaland Vekst IKS

Vi viser til søknad datert 6. november 2020. Der søker de Vestland fylkeskommune om eit driftstilskot på kr 200 000 for kvart av åra 2021-2024.

Haugaland Vekst IKS er eit regionalt utviklingsselskap eigd av 10 kommunar på Haugalandet, der to av kommunane; Etne og Sveio ligg i Vestland fylke. De viser til Rogaland fylkeskommune der fylkestinget har vedteke å inngå ein partnerskapsavtale med dykk for 2019-2022, og å gje eit årleg tilskot på kr 400 000.

Vestland fylkeskommune har ingen ordningar for driftsstøtte til kommunale og regionale utviklingsselskap. Hovudutval for næring vedtok 12. mars 2020 retningsliner for verkemiddelbruk - innovasjon og næringsutvikling. I desse retningslinene blir det slått fast at driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar normalt ikkje kan støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vi har ei ordning med samarbeidsavtalar med aktørar som er særleg viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsarbeidet i Vestland, her er det opna for driftsstøtte. Søknadsfrist for denne ordninga var 19. juni 2020. Kommunar og regionråd, og inn under dette kommunale og interkommunale samarbeid om næring var utanom ordninga. Grunnen er at vi skal vurdere ei ordning med kommunale næringsfond i Vestland, og vi vil i denne samanheng sjå på samarbeidsformer med kommunane og regionane om næringsarbeid.

Vestland fylkeskommune har ikkje ordningar som opnar for driftsstøtte til kommunale eller regionale utviklingsselskap, og driftskostnader skal normalt ikkje støttast. Søknaden dykkar blir difor avslått.

Avslaget blir gjort i tråd med fullmakt som fylkesdirektøren har fått i retningsliner for verkemiddelbruk - innovasjon og næring. Her er det opna for å gje administrative avslag dersom prosjektet ikkje er innanfor gjeldande retningsliner og prioriterte satsingar.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift